

NORDBERG SKULE

Beskrivelse/salsoppgave

Identifikasjon av egedomen:

Gnr. 119 bnr. 5 i Skjåk kommune. Nordberg solside 2019, 2693 Nordberg

Eigar:

Skjåk kommune

Beskrivelse av egedomen

Sjølveigartomt på 11.000 m². Areal bygning oppvarma, 2460m² BRA.

Nordberg skule var bygd og teken i bruk først på 1950-tallet. Hovedbæresystem i betong og ytterveggar er kledd på utvendig side med trepanel.

I 1989 vart det oppført tilbygg mot nord med underetasje førebudd for skytebane og plan 1 til undervisningsformål med ny HC-inngang. I tillegg vart ny administrasjonsavdeling etablert og den gamle bygd om.

I 1998 var det ført opp tilbygg mot aust med grunnflate på 197 m². I tillegg vart deler av skulen renoverert og bygd om.

Ny parkeringplass etablert på nordsida av bygget i 2009. Areal på ca. 1100 m² og er inkludert i tomtearealet til Nordberg skule.

Eigaren av naboeigedomen - gnr. 119 bnr. 2 – hevdar å ha vegrett over skuletomta. Kart i annonse viser vegsystem på egedomen.

Eigedomen er sjølveigartomt, har stort uteområde og med gode moglegheiter for vidare utvikling. Gode moglegheiter for turar og friluftsliv i nærområdet. Ballbingen blir demontert og fjerna.

Leigeforhold i bygget

Det er avtale med Lom & Skjåk skyttarlag og Skjåk pistolklubb om bruk av skytehall i underetasjen av bygget. Anlegget vart teke i bruk i 1993, er spelemiddelfinansiert og har ei bindingstid på 30 år. Ny eigar må inngå nye leigeavtaler med leigetakarane. Ny leigeavtale skal tinglysast for resterande/gjenståande tid av bindingstida på 30 år.

Standard

Bygning frå 1951 med tilbygg og ombygging av den gamle delen både i 1989 og 1998. Hovudbæresystem i betong. Solid og godt vedlikehalde bygg. På grunn av slitasje og elde, trengs det noko oppussing dersom bruksformålet i framtida skal være skule.

Ny taktekking på den eldste delen i seinare år. Storparten av dei gamle vinduga var skifta ut i 2009 og det vart montert ny solavskjerming.

Oppvarming med vannbåren varme og radiatorar. Energikilde er elektrisitet. Varmeanlegget og det meste av sanitæranlegget i den gamle delen er frå 1950-talet og er modent for utskifting.

Ny vassforsyning frå borehol etablert i 2009, på nordsida av bygget. Nytt UV-anlegg montert i 2012. Vatnet har i følgje "Drikkevannsforskriften" for høge verdiar av Sulfat og Fluorid.

Privat avløpsanlegg med slamavskiller og infiltrasjonsgrøfter.

SD-anlegg for styring av varme og ventilasjon montert i 2012.

Brannvarslingsanlegg kategori 1 montert i 2006. Lokal varsling. Ikkje direktevarsling til 110.

Planstatus til eigedomen

Eigedomen er avsett til offentlege formål.

Visning og opplysningar om eigedomen

Visning etter avtale

Kontaktperson for å avtale visning og opplysningar om eigedomen:

Ove John Plassen

Tlf: 47 45 21 25

E-post: ove.john.plassen@skjaak.kommune.no

Pris og bod på eigedomen

Skjåk kommune vurderer å selje skulen til høgstbydande. Innbu og inventar som står att i bygget kan følgje med i kjøpssummen. Tilbydar må oppgje om pristilbodet inkluderer innbu og inventar.

Bod skal leverast skriftleg på e-post til kol@vagaadvokat.no og er bindande. Det er lagt opp til open bodrunde der tilbydarane blir orientert om nivå på høgaste bod. Saman med bodgjeving skal det oppgjevast kva eigedomen er tenkt brukt til.

Endring av bruksformål til eigedomen

Eigedomen kan regulerast til andre bruksformål, for eksempel næringsformål. I tillegg til omregulering må det søkast om bruksendring av eigedomen.

Handsaming av innkomne bod og bruk av eigedomen

Advokat Knut Ola Linløkken saman med Skjåk kommune vurderar innkomne bod og vil om nødvendig innhente tilleggsinformasjon frå budgjevar på kva eigedomen skal brukast til. Det blir sett krav om at eigedomen skal vidareutviklast og ha positive ringverknadar for lokalsamfunnet. Verksemder som ikkje oppfyller dette kravet og elles kan ha negative ringverknadar for miljøet, for eksempel støv og støy, kan ikkje etablerast på eigedomen. Skjåk kommune tek atterhald om å godta eller forkaste eit kvart tilbod ut frå ei heilskapeleg vurdering av pris og kva eigedomen er tenkt brukt til.

Omkostningar

Kjøpar dekker kostnadane med tinglysingsgebyr og dokumentavgift.

Finansiering

Dersom ikkje finansieringsmåte er ført opp i bodet, vil Skjåk kommune hente inn tilleggsopplysningar.

Oppgjør

Kontant. Advokat vil bli brukt som oppgjersmeklar.

Skjåk, 18.02.2019

Ove John Plassen